

Ingår Kaldal

Sosialhistorikaren i 'Nr. 13' - kulturhistorisk gjenvisitt

Kva har nyare kulturhistorie å by på, som ikkje sosialhistoria hadde? Og korleis kan sosialhistoriske framgangsmåtar seiast å vere utfordra av retningar og debattar som i seinare år har vore kjende under namn som 'new cultural history', historisk antropologi, mikrohistorie, 'linguistic turn', poststrukturalisme og store forteljingars død? Dette ytrar eg meg meir om i ei bok som er under trykking: "Frå sosialhistorie til nyare kulturhistorie".¹ Her skal eg prøve å få fram noen utvalde aspekt ved dei spørsmåla det handlar om, ved å borre eit og anna kjettarkritiske blikket inn i det som står å lese på og mellom linjene i ein artikkelen som sosialhistorikaren Tore Pryser trykte i eit festskrift til sosialhistorikaren Edvard Bull i 1984. Artikkelen heiter "*Margit fra 'Nr. 13' – Sosialhistorie fra en arbeiderbygård*".²

'Nr 13' er eit dikt som arbeidardiktaren Rudolf Nilsen i si tid skreiv om ein 'gråbeinsgard' i Kristiania. Pryser tok i sin artikkel for seg den leiegarden der Nilsen hadde budd som barn i åra før 1910 (Heimdalsgata 26), og som truleg hadde stått som modell for det han skildra i det diktet. Som 'Nr. 13' er pseudonym for denne garden, er 'Margit' pseudonym for ei jente som voks opp i denne bygarden i åra før og under første verdskrigen, og som på sine eldre dagar, i 1974 og 1982, fortalte til Pryser korleis ho hugsa det. Så skreiv han altså ein artikkel der "*Hennes muntlige beretning om sin barndom, oppvekst og voksne liv er bærebjelken i framstillinga, som kontrollert mot og supplert med massedata fra kirkebøker, kommunale folketellingar og likningsprotokoller forteller om arbeidsfolks hverdag. Ved å se Margits historie i relativasjon til de andre beboerne i 'Nr. 13', blir det også mulig å si noe om sosiale og økonomiske forhold i gruppa hun tilhørte - arbeiderklassen på Østkanten*" (s.150 – sidetal i parentes er heretter referansar til den artikkelen). Noen av dei programmatiske signala som ligg i dette, og korleis dei vart

konkretiserte i artikkelen, skal vi komme tilbake til. Men først bør eg seie kvifor eg har vald ut denne artikkelen til å spele noen ny-kulturhistoriske ettertankar mot i dag, snart 20 år seinare.

Artikkelen er ikkje representativ for norsk sosialhistorie. Å bruke den som eksempel yter på ingen måte rettferd mot breidda og variasjonen i dei sosialhistorieprosjekta som vart utførte på den tida da den vart til, heller ikkje mot resten av det Pryser har skrive av sosialhistorie. Poenget er heller at denne artikkelen ber i seg noen talande uttrykk for sosialhistoriske tenkemåtar, og ikkje minst slike som det i dag er lett å snu og vende på. Slik sett er den god å diskutere mot. No bør den heller ikkje vere utan betydning som peilestav, for dei som vil lese den som det. Den vart til heilt på slutten av sosialhistorias vekstperiode i norsk historieskriving. I 1984 var interessa for feltet alt i ferd med å stagnere, etter ei tid med god oppdrift. Forfattaren var ein av dei som frå midten av 1970-åra hadde vore med på å profilere norsk sosialhistorie. Når han i 1984 valde å bidra til eit festskrift til Edvard Bull med ein sosialhistorisk studie prega av programmatiske markeringar, bør den kunne lesast som uttrykk for *viktige* tenkemåtar innan feltet, utan dermed å ha sagt noe om kor *typiske* dei var. Pryser var også den sosialhistorikaren som framfor noen andre på denne tida gav sosialhistoria god plass i ei lærebok om nyare tids norsk historie for grunnfagsstudentar.³ Margit-artikkelen vart til omtrent samtidig med den boka, og dermed truleg midt oppi arbeidet med å oppsummere viktige sider ved sosialhistoria. Her kan det også nemnast at etter dette via Pryser forskinga si til andre typar historie enn sosialhistorie (m.a. etterretning under krigen).

Noe anna som gjer artikkelen om 'Margit' interessant, er at den var skriven med sikte på å kombinere metodiske innfallsvinklar frå to 'tendensar', som det har vore vanleg å snakke om innan norsk sosialhistorie på denne tida: eigentleg handla det om to miljø, eit omkring Sivert Langholm i Oslo, og eit omkring Edvard Bull i Trondheim.⁴ Dei sto for mye likt. Begge stader vart sosialhistorie sett som 'historie nedanfrå', og begge stader vart ho i stor grad konkretisert i lokalt avgrensa studier, der ein hadde som mål å komme nært innpå det levde livet. Og begge stader handla det mye om grupper som ein laust kan omtale som 'folk flest'. Men i dei to miljøa vart det også praksisert noe ulike metodiske framgangsmåtar, som her er det interessante.

I Oslo vart fleire studiar retta inn mot to lokale samfunn, ei bygd og ein by, Ullensaker og Kristiania, i siste halvdel av 1800-talet. Det er desse prosjekta som i etertid har vorte framstilte som den delen av norsk sosialhistorie som likna mest på historisk sosiologi. Det metodekonseptet som her var i bruk, vart kalla 'mikrohistorie' og 'historie på individnivå'. Det gjekk ut på å utnytte elektronisk databehandling, som da i 1970-åra var i sin heilt spede start, til å samle store

mengder
opplysni
menneske
metoden
sjå dei so

Noe a
Dagfinn S
Dei meto
ettertid e
grunn av
av denne
History'-
lenge ster

Dei fo
spørsmål
telje og m
er vorte p
tida vart d
eller konk
eit mål å l
han oppfa
før 1900.
virksomhe
studert gj
kildemater

Det e
runne i b
sleppe å s
nyare kul
skal retta
analyser
problem d

Små eini
Opplegg
tenker på
analysen

Dette

mengder data om menneska i eit avgrensa miljø, og så kombinere opplysningane på individnivå. Slik kunne ein danne seg bilde av kva dei same menneska hadde gjort i mange samanhengar gjennom livet. Målet med metoden var likevel ikkje å skrive om individua og deira individuelle liv, men å sjå dei som representantar for grupper og klassar, ein slags kollektiv biografi.

Noe annleis profilert var sosialhistoria i Trondheim. Her leia Edvard Bull og Dagfinn Slettan fleire prosjekt der muntlege minne utgjorde hovudmaterialet. Dei metodiske framgangsmåtane som her var i bruk, hadde fleire trekk som i ettertid er vorte sett som forløparar for nyare kulturhistorie, mellom anna på grunn av vektlegginga av meining og oppleving. Bruken av minne gjer at delar av denne forskinga også kan sjåast som variantar av ei internasjonal 'Oral History'-rørsle, som var sterk i 1970-åra. Men inspirasjonen frå sosiologien var lenge sterk her òg.

Dei forskjellane det her handlar om, vart i samtida mye diskuterte som spørsmål om kvantitative eller kvalitative metodar, og om å legge vekta på å telje og måle, eller på å tolke seg fram til meining og oppleving. At dette skiljet er vorte problematisert med nyare kulturhistorie, kjem vi tilbake til. På denne tida vart dette ofte snakka om som til dels åtskilde og ikkje sjeldan motstridande eller konkurrerande framgangsmåtar og kjeldetypar. I Margit-artikkelen var det eit mål å kombinere dei. Samtidig var det eit siktemål for Pryser å rette opp noe han oppfatta som skeivt: *"Først og fremst har sosialhistorien beskjeftiget seg med tida før 1900. Arbeidsfolks levevilkår, arbeiderkvinnens historie (bortsett fra organisert virksamhet), barn og fattige osv., har etter århundreskriftet og fram til krigen mest vært studert gjennom muntlige 'minner'. Lite har folketellingar, kirkebøker og liknende kildemateriale vært systematisk trukket inn"* (s. 165).

Det er no gått snart to tiår sidan Margit-artikkelen vart til. Mye vatn har runne i både sosial- og kulturhistoriske hav etter den tida. Og forfattaren må sleppe å stå inne i dag for det han skreiv da. I tråd med eit vanleg grep innan nyare kulturhistorie, er det heller ikkje forfattaren, men teksten, sokelyset her skal rettast mot. Målet er å bruke dei måtane det ser ut til å ha vore naturleg å analysere og formulere seg på i denne artikkelen frå 1984, til å kommentere noen problem og potensiale som det i dag fell lettare å peike på enn den gongen.

Små einingar og store kategoriar

Opplegget i Margit-artikkelen var utprega mikrohistorisk, om ein med det tenker på avgrensinga av undersøkinga, til éin einaste bygard. Samtidig er analysen prega av store og generelle begrep og kategoriar.

Dette kjem også til uttrykk i at mye plass blir brukt på å stadfeste at den lille

lokale verda var prega av sosiale mønster som var vanlege også elles i arbeidarmiljøa i tida omkring 1900, som at arbeidsfolk hadde låge inntekter, budde trøgt og hadde mange ungar. Og etter kvart som nye tiår gjekk, fekk også arbeidsfolk færre barn (og tok i bruk prevensjon), og dei levde i mindre familiar, budde mindre tett og trøgt, og vart mindre fattige. Slik var det også i Heimdalsgata 26, får ein vite.

I kategoriseringa av dei som budde i garden, framstår den store klassen, 'arbeidarklassen', som overordna. Ein stor del av bebuarane hørte til handverksyrke av nokså ulike slag, omtrent halvparten er registrerte som 'arbeidere', og berre eit lite mindretal var industriarbeidarar. Dette blir konkludert med at "Rundt århundreskriftet tilhørte alle arbeiderklassen og skilte seg lite fra hverandre når det gjaldt yrkesprestisje eller inntekter" (s.152). Eit kritisk poeng kunne her ha vore at maskevidda i klassbegrepet er for stor, og at forskjellane blir bagatelliserte. At det trass i forskjellige yrke fanst lite forskjell i 'yrkesprestisje', blir ikkje nærmare grunngitt, anna enn ved at ein får stole på at ein 'veit' frå før at desse yrka ikkje sto langt frå kvarandre i 'prestisje' (kva tilseier forresten at fordeling av 'prestisje' skal avgjere kva klasse folk tilhørte?).

Eit anna poeng som er viktigare sett frå kulturhistorisk synsstad, er at det heller ikke ser ut til å ha vore påtrengande viktig i denne teksten å reflektere over kva betydninga 'arbeidar' og 'klasse' kan ha vore forbundne med i den spesifikke konteksten det handlar om. Ein får ikkje høre mye om kva som gjorde dei som budde i denne garden, til del av 'arbeiderklassen', og kva det innebar.

Her er det freistande å minne om det programmet arbeidarhistorikaren E. P. Thompson sto for alt i 1963, da han hevda at "*I do not see class as a 'structure', nor even as a 'category', but as something which in fact happens (and can be shown to have happened) in human relationship*". Desse formuleringane som står på første sida i hans 944 sider tjukke "Making of the English Working Class", i tredjeavsnittet i bokas 'Preface', er truleg ein av dei mest refererte plassane i den sosialhistoriske litteraturen, og eit av dei dårlegast etterlevde programmatiske poenga.⁵ I dag kan det heller sjåast som ein sosialhistorisk forløpar for tenkemåtar som vart meir systematisk utvikla innan nyare kulturhistorie. No kan ein ikkje kritisere "Margit fra 'Nr. 13'" for ikkje å følgje eit program som artikkelen ikkje nemner. Like fullt er kontrasten interessant.

Her er vi også ved eit trekk ved analysen som skil det mikrohistoriske i artikkelen frå den mikrohistoria som i dag kan sjåast som ein variant av nyare kulturhistorie i vid forstand. Når t.d. Hans Medick, ein av hovudeksponentane for tysk mikrohistorie, uttaler seg om slike spørsmål, legg han vekt på at mikro ikkje handlar først og fremst om å redusere *skalaen*, men å stille inn blikket på *lesemåtar* som fangar opp variasjonar og fleirtydige meiningsinnhald som elles

lett blir bo
også som
vanleg i
hushaldss
dei ikkje h

I Ma
fortelje k
kjønn, siv
blir her ik
kva som g
viser, som
dei stamm
vanskeleg
avgrensa
alderdomss

Det k
'mikro' so
kontekstu
frå eit ma
ha fanga
ved denn
verken m
studie mi
vore løys
nyare kul
både man

Unytta to
Innan nya
livet i for
utrykk fo
muntlege
mye om k
madrasser
å ligge" (s.
skallete. Be
husvere v
lille leiligha

lett blir borte bak store og allmenne kategoriar og begrep. Han ser mikrohistoria også som ein betre måte å kontekstualisere analysen på, enn det han meiner var vanleg i sosialhistoria: Data om faste variablar, som fertilitet, mortalitet, hushaldsstorleik, pris- og lønnsnivå, vil alltid ha begrensa utsegnskraft så lenge dei ikkje blir 're-kontekstualiserte' gjennom mikroanalyse, meiner Medick.⁶

I Margit-artikkelen finst haugevis med tal. Og mye plass blir brukt på å fortelje korleis bebruarane fordele seg prosentvis på kategoriar etter alder, kjønn, sivilstatus, tal på barn, fødestad, dødsårsaker osv. Ein kritisk merknad blir her ikkje at slikt er unyttig å få vite, men at lesaren burde fått vite meir om kva som gjer det nytta. Her får ein ofte ikkje vite verken om ein bør sjå det tala viser, som mye eller lite, eller kva dei elles fortel – sett i lys av den konteksten dei stammer frå. Her finst også mange talopplysningar om forhold som det er vanskeleg å forstå nytten av å få talfesta i allmenne kategoriar på det lokalt avgrensa nivået det her handlar om, som t.d. at "*En del gamle døde sjølsagt av alderdomssvakhet og lignende. (9%)*" (s. 162). Var det mye? Kva fortel det?

Det kan hørast som eit paradoks at ein studie der avgrensinga var såpass 'mikro' som her, vart prega såpass mye av teljing og sortering i allmenne og lite kontekstualiserte kategoriar. Ofte får ein ei kjensle av at begrepa berre er henta frå eit makroplan. Dermed mister ein noe av det som mikroblíkket elles kunne ha fanga opp, og gitt nye innsikter om. Her ligg *noe* av det uutnytta potensialet ved denne måten å skrive sosialhistorie på. No er det viktig å understreke at verken meir differensierte begrep eller kontekstualisering i seg sjølv gjer ein studie mindre sosial- eller meir kulturhistorisk. Og det varierer korleis dette har vore løyst innan den sosialhistoriske litteraturen. Men fleire retningar innan nyare kulturhistorie har bidrøge til å skjerpe blikket for korleis kategoriane er både mangfaldige og fleirtydige, og i seg sjølv er uttrykk for tolkingar.

Unytta tolkingspotensiale

Innan nyare kulturhistorie har det vore lagt vekt på å få fram korleis dei spora livet i fortida har etterlate seg, kan tolkast på fleire måtar, og kan lesast som uttrykk for fleire lag av betydninga. Margit-artikkelen bygger som sagt også på muntlege minne. Dei blir presenterte i til dels lange sitat. I dei blir det snakka mye om korleis dei som budde i 'Nr. 13' hadde det trøngt, men godt. "Vi hadde madrasser fylt med høvelflis som far hadde brakt hjem fra arbeidet. På dem var det godt å ligge" (s. 153). Forholda var knappe: "Utstyret var ellers sparsomt. Talerkener var skallete. Bestikk av sølv fantes ikke. Koppene var hankeløse" (s. 153). Med trønge husvere var det vanskeleg å få fred til å gjere lekse: "Ofte var det så urolig i den lille leiligheten vår at det var umulig å få lest lekser. Da måtte jeg lure meg til å lese lekser

på skolen" (s. 154).

På eitt vis handlar dette om å fortelje fakta om kva folk hadde, men det kan også lesast som uttrykk for måtar å hugse dei same forholda på, som ved nærmere tolking kunne gitt innsikt i korleis dei forholda det blir fortalt om, har vore gitt mening og betydning – i tidas løp. For eksempel er det god grunn til å tru at sølvbestikk her er vorte eit *mangeltema* først etter at det vart meir vanleg at folk ikkje mangla det (viss det ikkje var slik at arbeidsfolk også den gongen samanlikna seg med folk som hadde sølvbestikk, men det veit ein ikkje her). Dette er opplysningar som ikkje berre bør lesast som 'nakne' fakta om høvelflis, sølvbestikk, skallete tallerkar, hankelause koppar og uro i huset, men som spor, teikn og ord som står i ein vev av betydningars, spunne i kulturelle prosessar som har prega det livet Margit har levd. Å forstå kva dette fortel, krev aktive og kritiske tolkingar.

Ein ting er at det er lite grunn til å tvile på at Margit sin familie hadde madrassar fylte av høvelflis, og at dette hadde komme frå faren sin arbeidsplass. Men kva viser det at dette har festa seg på denne måten i eit menneske sitt minne, som forteljing, og kva fortel *den forteljingga* om kva kulturelle betydningars som her har vorte knytta til det å leve i tronge kår, og til det å vere nøgd med dei knappe ressursane ein hadde? Kva var så 'godt' ved å ligge på ein høvelsponfylt madrass, og korleis kan dette 'gode' lesast som uttrykk for kulturelt konstituert mening? Og at det å lese og lære blir hugsa som eit sakn, kva fortel det om betydningars knytta til skolekunnskap, i ein kultur der det elles er meir sannsynleg at det som telte, for mange var å vise seg dugande i kroppslig arbeid, der det ein trong å kunne, vart lært i praktisk arbeid og ikkje på ein skolebenk? Kan dette også fortelje noe om korleis eit tema kan ha vorte tolka *om* i løpet av ein tidsepoke der utdanning er vorte muleg også for arbeidarungar? I det heile: kva fortel desse tekstane om kva tolkingsprosessar som kan ha utspelt seg i dette arbeidarmiljøet?

Skulle noen innvende mot dette at da blir fokuseringa dreidd bort i frå kva som gjaldt på det fortidige tidspunktet det blir fortalt *om*, er eit av fleire mulege svar på det at all 'erfaring' er ettertolking, og i stadig forandring. Og det å vise korleis betydningars har vore forma i kulturelle prosessar, der dei alltid har vore undervegs, er ikkje mindre historisk interessant enn å avdekke kva noen kan ha tenkt og følt på eit gitt tidspunkt.

Her finst fleire eksempler som kan lesast som uttrykk for nærmast sjangeraktige forteljemåtar og mytologiseringar, og som det i dag er lett å sjå opnar for tolkingar i fleire retningar.⁷ I staden for å prøve ut det som her fanst av tolkingspotensiale, vart sitata i Margit-artikkelen enten ståande som udiskuterte fakta om 'korleis det var', eller som ukommenterte minnesytringar.

Her bør
på eigne
gjere art
tolkingsp

Eit ty
kor godt
utdjupa
med arbe
skogen, el
utfylling
kor fleirt
det å 'stå
at Margit
kulturhis

I dis
kulturhis
eintydig
hald. Me
treng ver
uttrykkes
egentlige"
i sine mu
anlegg (u
første kan
forvirring
felle for
'eigentleg
sjølvoms
noe å ta p
av fleire t
i jakta på
betydning
kritikken

Talas tale

Elles er u
bruke dei
fleire utse

Her bør det skytast inn at dei lange sitata frå Margit si forteljing står godt også på eigne bein, og at dei med sine konkrete og fargerike skildringar bidreg til å gjere artikkelen givande å lese. Det hindrar ikkje at dei ber i seg unytta tolkingspotensiale.

Eit typisk sjangerprega tema i folk sine minne frå tidlegare liv, handlar om kor godt 'samhold' det var før. Det seier også Margit. Kva det betyr, blir ikkje utdjupa nærare. Men i den vidare teksten får ein høre at "*Margit vanka sammen med arbeidskameratene på fritida. På sondagene dro de på turer til Ekeberg, Solumskogen, eller øyene ute i Oslofjorden*" (s. 157). I den grad dette var meint som ei utfylling av bildet av godt samhald, og det bør det kunne lesast som, viser det kor fleirtydig 'samhold' har vore. Å halde saman har ikkje berre vore knyttta til det å 'stå saman', i solidaritet, men også å vere saman - i samvere. Kva det betyr at Margit fortel om kor godt samhald det var, hører til det som det innan nyare kulturhistorie har vore meir naturleg å legge arbeid i å tolke nærare.

I diskusjonar om vektlegginga av intensive tolkingar innan nyare kulturhistorie, finst det dei som meiner at det vi utforsker historisk, blir meir eintydig og mindre ope for fleire tolkingar dess meir ein får studert det på nært hald. Men det er ikkje slik at det som er prega av sikker, fast og tydeleg tale, treng vere meir eintydig enn det som framstår som usikkert. "Når motivet uttrykkes så usikkert, er det rimelig å tenke seg at vi ikke har funnet fram til det *egentlige*", skreiv Edvard Bull ein gong som merknad til det at ein del arbeidarar i sine muntlege minne uttrykte seg fleirtydig om kvifor dei hadde begynt på anlegg (uth. av Bull).⁸ Dette er det i dag å lett å vri på i fleire retningar: For det første kan usikker og forvirrande forteljing komme av ærleg tvil, vakling eller forvirring. Eller den kan dekke over usemje og indre strid. Og da blir dei lett ei felle for den som tek sikre uttrykksmåtar som garanti for at ein har funne den 'egentlege' meinings eller motivet. For det andre kan ein sjå både usikre, sjølvmotseiande, vaklande, uklåre og forvirrande uttrykksmåtar nettopp som noe å ta på alvor som det dei er, og som noe ein kan bruke til å komme på sporet av fleire tolkingar, og fleire betydningars. Da blir dei i staden for å vere eit hinder i jakta på det 'egentlege', gode å ha i arbeidet med å avdekke fleire lag av betydningars og meiningsinnhald. Dette viser korleis noe som innan kjeldekritikken ofte har framstått først og fremst som *problem*, kan snuast til *potensiale*.

Talas tale

Elles er utvalet i Margit-artikkelen av sitat frå minna prega av ein trond til å bruke dei som dokumentasjonar og illustrasjonar av konkrete levekår. Her finst fleire utsegner der faktiske forhold blir presenterte svært så nøyaktig: "jeg fikk

4,96 i lønn ukentlig som lærling. Første tillegg gikk til 5,40". I staden for berre å la dette stå som ei ukommentert opplysning om lønnsforhold, kunne ein ha tolka det at vedkommande hugsar det, og fortel om det på denne måten. Kva fortel denne milimeternøyaktige måten å uttrykke seg på, om kulturelle kodar knyttta til pengar, lønn og kroner og ører – og til nøyaktige tal og kalkyler, og til det å ha tent si første pengelønn og fått sitt første tillegg? Her finst potensiale til å gå fleire andre vegar for å analysere dei historiske spora, også dei som er uttrykte som nøyaktige fakta, enn dei som det fall naturleg å prøve ut innan sosialhistoria tidleg på 1980-talet.

Det er ein utbreidd talemåte om tal å omtale dei som om dei står for noe sikkert og eintydig i seg sjølve. Har ein tal for noe, har ein på eit vis komme nærrare dei nakne realitetane, enn om ein skildrar det på andre måtar. Talas tale er tung å tale imot. Samtidig er det ofte verdt å spørje seg kva det å tale med tal fortel ut over det tala seier umiddelbart, om kor mange eller kor mye det det handlar om, utgjer. I den sosialhistoriske Margit-artikkelen frå 1984 blir mye uttrykt med tal både i den teksten historikaren har forma og i enkelte sitat frå dei minna han bruker. Og i begge tilfelle er det grunn til å spørje om talas tale er talande berre om det som er vorte telt, eller om dei også fortel noe om kulturen mellom dei som har telt. Slik sett blir det også mindre relevant å sjå diskusjonen om bruk av tal eller ikkje som eit spørsmål om kvalitative *eller* kvantitative metodar. Og problemet blir da ikkje så mye at sosialhistorikarar ofte har brukt mye tal, men at dei kunne gjort meir for å få dei i tale.

Ofte handlar kjeldekritiske analysar om å argumentere seg tilbake til kva forhold som har skapt ei kjelde. Snur ein på dette, burde ein oftare også kunne stille spørsmål om kva det som står i kjeldene, har skapt.⁹ Korleis har sosialhistoriske sanningar og måtar å skildre fortidig liv på vore prega av kvantifiserbare kategoriar sine måtar å strukturere verda på? Og korleis har lønnsarbeidaren sine forteljingar om timesatsar og eksakte lønnstillegg vore med på å prege arbeidarkulturen sine måtar å tenke levebrød og ressursar på?

Innanfor nyare kulturhistorie har altså meir vorte lagt på å tolke korleis dei måtane kjeldene uttrykker noe på, også fortel noe om betydningar og meiningsinnhald. Sjølv dei mest sikre og utdiskutable tala kan i tillegg til å vise kor mange eller mye noe er, også vitne om situasjonar der noen har telt eller målt noe, og delt det inn i kategoriar. Og kva har desse kategoriane, teljemåtane og talinteressene gjort med det bildet som framstår som den verkelege verda?

Å sjå "...

Den vek
måtar. I
kjensleto
frå det m
synonym
historie
einsidig
Metodisk
alternativ
meininga
sosialhist

Det s
historisk
Margits e
ettertid le

For d
i lange M
til tal for
inntrykk
gjort med
oversikt
Skildring
men av a

For c
subjektiv
andre as
formuleri
vore alvo
forholda
ho signal

For d
grad er ei
Men dei f
minna sta
inne på e
interesse

Å sjå "... gjennom arbeiderjenta Margits øyne"?

Den veksande interessa for nyare kulturhistorie har vorte framstilt på fleire måtar. I noen versjonar har ho framstått som ei vending frå abstrakte og kjensletomme kategoriar til 'mennesket', frå det objektive til det subjektive, eller frå det materielle til det immaterielle. Å nærme seg 'mennesket' framstår da som synonymt med å trenge inn i individet sine indre tankar og erfaringar. Å skrive historie om dette, er ofte vorte forsvar som motvekt mot det ein ser som einsidig vektlegging av materielle og strukturelle forhold i sosialhistoria. Metodisk er det her gjerne hermeneutikk og forståing som framstår som alternativet, og da ofte framstilt som leiting etter opprinnelige intensjonar og meningar hos dei fortidige aktørane. Men kor mye bryt dette med det også sosialhistoria sto for?

Det stirr i alle fall lite mot formuleringa av programmet for den sosialhistoriske Margit-artikkelen frå 1984. Her var målet: "*Gjennom arbeiderjenta Margits øyne skal vi se nærmere på levekårene i gården*" (s. 150). Til dette er det i ettertid lett å reise kritiske merknadar:

For det første finst det få teikn på at dette blir realisert i artikkelen. For trass i lange Margit-sitat handlar den mest om å rekonstruere leveforholda ved å vise til tal for buareal, inntektsforskellar, aldersstrukturar osv. Slik blir det skapt eit inntrykk av grundige og solide skildringar av sosiale levekår, men dette blir gjort med eit innhald som det *ikkje* er grunn til å tru at Margit verken hadde oversikt over, eller brydde seg om på *den* måten, da ho budde i garden. Skildringane av dei sosiale forholda er dermed prega ikkje av 'Margits øyne', men av augene til ein strukturalistisk tenkande sosialhistorikar i 1984.

For det andre: Det som finst i dei sitata som her er med, av spor etter subjektivitet og meningar, får i stor grad ligge ukomentert. Det var heller andre aspekt sosialhistorikaren var ute etter, og la merke til. Skal ein lese formuleringa om 'Margits øyne' litt velvillig, kjem ein fort til at ho *ikkje* kan ha vore alvorleg meint, anna enn som eit signal om å *ville* skildre konkret og nært forholda i Margits daglege liv. At formuleringa da blir lite treffande, får så vere, ho signaliserer likevel ein bit av eit sosialhistorisk sjølvbilde.

For det tredje: i dag er det lett å sjå at også intervjutekstar berre i begrensa grad er eigna til å få fram korleis folk har *opplevd* dei forholda dei levde under. Men dei fortel mye om korleis forholda er vorte *tolka*, og korleis det i dei miljøa minna stammer frå, har vore *gangbart å fortelje* om livet og forholda. Her er ein inne på ein annan måte å presentere nyare kulturhistorie på, enn som nyvekt interesse for folks kjensler og opplevingar.

.. eller tolke som 'tekst'

I staden for å sjå det som overordna mål å rekonstruere kva folk har gjort og tenkt, handlar det her om å legge vekt på å tolke seg fram til kodar, figurasjonar, mønster, betydningsslag og meiningssamanhangar som folk har handla og uttrykt seg gjennom og i tråd med. Dermed er vi inne i eit felt som noen omtaler som diskursanalyse, og som noen snakker om som å analysere kultur som 'tekst', og der analysestrategiane går under namn som dekonstruksjon og 'thick description'. Å gjere greie for desse begrepa er det ikkje plass til her. Men i forlenginga av dette ligg det analysestrategiar og tenkemåtar som på fleire måtar er annleis enn dei som vart sett som aktuelle i den sosialhistoria som "Margit fra 'Nr. 13'" var del av.

Dette opnar for å gjere også materielle forhold til tema for andre tolkingar enn dei som ser ut til å ha vore naturlege både i den sosialhistoriske artikkelen frå 1984 og kan hende i dei delane av nyare kulturhistorie der vendinga mot det kulturelle har vorte sett som ei ny vektlegging av det immaterielle og subjektive. Det ein her får vite om ting, utstyr og ressursar folk hadde å gjere seg med, frå rom i husa, elektrisk lys og møblar til matsortar og klede, blir da ikkje 'reint' materielle forhold, men ting som fekk sine betydningar gjennom bruk, tolking og talemåtar. Eit begrep som det her kan vere nyttig å bruke i vid meinings, er 'tileigning'. Begrepet er vorte innarbeidd m.a. i analysar av menneske sine forhold til natur, der det blir lagt vekt på at det å tilegne seg 'naturen' samtidig inneber å skape den i sitt bilde, og dermed gje den bestemte betydningar og meiningsinnhald. Eit poeng verdt å nemne når det her først handlar om sosialhistorie, er at dette begrepet også finst i tidlege tekstar av Marx, der han instisterte på at tileigning ('Aneignung') i økonomiske samanhengar, av verdiar, varer, eigedom, produkt, aldri handla om berre å 'eige', 'ha' eller 'lage'. Den handla *alltid* samtidig om å 'tilegne' seg meiningsinnhald eller betydningar ('sinnliche Aneignung') som menneska forheldt seg til verda gjennom.¹⁰

I Margit-artikkelen får ein høre om ei heil rekke konkrete og materielle forhold som det kunne ha vore interessant å analysere i denne retninga. Vi har alt vore inne på korleis høvelsponen i madrassane kan tolkast som del av betydningskonstituerande forteljemåtar. På liknande vis kunne ein òg ha tolka det kjeldene viser om kva mat folk hadde: gammalt brød, sirup og skumma mjølk, havrevelling og havregraut, og elles graut, graut og etter graut. Og kva betydningar og meiningsinnhald let seg knytte til utstyr som Margit fortel om fanst i huset, frå kommode, ein stor spegel, eit rundt bord med seks stolar, to blomsterbord, ei opptrekkbar parafinlampe, ei stoveklokke på veggen til foto av slektringar og to maleri, ei bokhylle der det sto skolebøker, ein bibel og ei

salmebok. Sjølv om dette siste umiddelbart kan hørast som meir fylt med kulturell betydning, er det ingen av desse tinga som bør sjåast som 'reint' materielle, i betydninga ufortolka realitetar. Dei var alle spunne inn i vear av betydningar som folk som brukte dei, forheldt seg til tinga og verda gjennom. Og i den grad dei let seg tolke som 'reint materielle' sider ved tilveret, er det òg ein måte å tilskrive dei ei bestemt kulturelt konstituert betydning på.

.. og desentrere blikket

Å tru at ein ved å skildre forholda i fortida grundig, konkret og detaljert, og *dermed* ta for gitt at ein også gir ei skildring som korresponderer med fortidsmenneska sine opplevingar av dei same forholda, kan også sjåast som ein slags sentrisme – ved at ein tek for gitt at eins eigne måtar å sjå noe på, også er slik dei 'andre' har sett det.

Innanfor nyare former for mikrohistorie har eit strategisk grep for å hanskast med dette problemet gått ut på å 'desentrere blikket'. Det handlar ikkje berre om å sleppe fram det som ikkje passar med det ein sjølv på førehand ser som sentralt, men om å rette blikket systematisk mot det som elles framstår som perifert, trivielt, sjølvsagt eller så normalt at det verken treng utforskast, eller er noe å hefte seg med. Også det som umiddelbart kan verke som sjølvsagt del av ein velkjent kategori, kan ein få til å fortelje noe meir interessant om ein set det i sentrum for nærmare gransking og tolking.

Eit eksempel på sentrisme som truleg er lett for dei fleste å sjå på som det i dag, gjeld arbeidsbegrepet. Måten det lenge var assosiert med bestemte typar lønn, kunnskap, arbeidsplassar og produksjon, har ofte bidrige til at 'anna' arbeid, enten har ramla utanfor bildet eller framstått som underordna og sekundært. I artikkelen om "Margit fra 'Nr. 13'" er arbeid eit tema på fleire plan, ved at bebruarane tilhørte *arbeidarklassen*, og ved at dei gjorde det i kraft av kor dei hørte til i yrkeslivet. I ei lita setning (som ein kan finne på å henge seg opp i om ein les teksten desentrert) blir det også nemnt at mange gifte koner i denne leiegarden tok på seg vasking, utan at dei gav opp inntekta til skattekontoret. Når dette arbeidet etter kvart forsvann, blir det forklart slik: "*Ekstrainntekter fra voksne barn gjorde trolig slikt arbeid mindre påkrevet*" (s. 159). Har ein først gjort seg til kjettar, kan ein her spørje om ein kan ta det meir for gitt at ei kvinne reduserte på slikt arbeid når det ikkje lenger vart 'påkrevet' av økonomiske grunnar, enn at andre i arbeidarfamilien gjorde det. Her er det underforstått at lesaren ikkje spør slik. Og få vil umiddelbart finne det rimeleg å sjå ei slik formulering som problematisk. Kven kunne ikkje ha formulert seg nettopp slik, eller kven kunne ikkje utan vidare ha komme til å lese det som fullt ut akseptabelt? Men nettopp

det er det også som gjer det viktig å reise slike spørsmål, fordi det er ved å stille dei at ein held liv i refleksjonen over kva som er *naturleg* og ikkje, og kva ein skal sjå som tilstrekkeleg *forklart* og ikkje i ein historisk tekst. Dermed blir desentreringa av blikket også ein strategi for å sjå det som elles har lett for å bli sett som sjølvsagt, trivielt, naturleg og kanskje allmennmenneskeleg og tidlaust, som historisk skapt, foranderleg og fleirtydig - og dermed som verdt å analysere historisk. Vel er dette flisespikking, men kvar einaste flis som får fram noe om veden og grunnstokkane i våre historier, er vel verdt å spikke i.

Stor forteljing også i små studiar

Eit diskusjonstema som har vore nært forbunde med framveksten av nyare kulturhistorie, har handla om forholdet mellom historie og forteljing. Her kunne ein ha reist spørsmål om kva litterære effektar og sjangergrep Margit-artikkelen er prega av. Men ein kan også velje ut andre sider ved spørsmålet om historie som forteljing å rette søkelyset mot.

Om sosialhistoria sitt forhold til store forteljingar har den danske vitskapshistorikaren Inga Floto skrive at "Set i 1990'-er-perspektiv kan man måske sige, at 1970-ernes marxistiske og strukturalistiske socialhistorie betegner fremskridts-paradigmets sidste krampetrækninger".¹¹ Det stemmer godt med tanke på kor mye sosialhistorie som har handla om å fortelje om vellykka kamp for betre kår, og aukande medvit om eigne sosiale interesser.

Samtidig har sosialhistorias store forteljingar ikkje handla berre om framsteg. Moderniseringsprosessar er vorte skildra med vekt også på 'utviklingas' kostnadar og tap, som når arbeidsfolk som organiserte seg for å få betre innverknad på sine livsvilkår, samtidig vart meir disiplinerte, og når gamle dugnadsfellesskap mista gamle funksjonar når bygdene vart moderniserte. Dette er ironiske forteljingar som også er vorte haldne varme innan delar av nyare kulturhistorie, der det ofte har handla om å skildre nært, varmt og eksotisk kvardagslege forhold i fortida. I slike forteljingar har 'moderniseringa' gjerne framstått som tapsprosess.¹²

Problemet 'stor forteljing' blir av og til diskutert som om det handlar om framstillingar som dekker store og vide *omfang*, t.d geografisk. Om ein heller snakkar om metaforteljing, eller 'master narrative', fell det truleg lettare å sjå det som spørsmål også om totaliserande og meiningsordnande effektar av *måltane* noe blir fortalt på. Da blir det relevant også å rette søkelyset mot historiske framstillingar av små og lokale forhold, likeså vel som mot store oversiktsverk, som 'Norges historie'. Kva slags forteljing er så den sosialhistoriske Margit-artikkelen frå 1984?

Framsteget er her òg ein viktig tråd. Og da er ikkje poenget først og fremst at artikkelen handlar mye om veksande materiell og sosial velstand, og om betre levekår, mindre familiar, og romslegare buforhold. Så mye å henge seg opp i er det neppe heller at det i 1984 ikkje vart sett som problematisk å rekne slike utviklingstrekk til potten 'modernisering'. For slik er det i stor grad i dag òg, sjølv om enkelte av eksempla kanskje er vorte meir diskutable med åra: "Forøvrig var det fra 1939 at folk i 'Nr. 13' slutta å dø hjemme og begynte å dø på sjukehus. Også dette forteller at vi nærmer oss ei moderne tid" (s. 163).

I den tida sosialhistoria sto på sitt sterkaste, låg det nær å snakke om 'framsteg' og 'modernisering' som både samanfallande og eintydige begrep. Å reflektere kritisk over slike begrep, og bryte opp dei forteljingane dei gjerne vart brukte i, må kunne seiast å høre til det som er vorte dyrka som viktig geskjef innan nyare kulturhistorie.

Ein meir interessant tråd av 'stor forteljing' i Margit-artikkelen finst i eit av dei små glimta den gir av kva forhold dei som budde i 'Nr. 13' hadde til dei sosiale forandringane. Eit avsnitt om det startar med ei formulering som på eitt vis hørest uskuldig ut, men som den kjetterske lesaren kan bruke til å spinne vidare. I utgangspunktet handlar det om at mange flytta frå denne bygarden, til Amerika eller til betre stader å bu. Så heiter det: "*Arbeidsfolk som flytta ut drømte om 'et land hvor Nr. 13 ikke er'*" (s. 163ff). Den 'referansen' som her signaliserer til lesaren kva folk drømte om, er her eit sitat frå Rudolf Nilsen sitt dikt. Den som kjenner diktet, vil hugse at dette er siste setninga i diktet, og at ho der hører til i sluttformuleringa av ein politisk og agitatorisk konklusjon. Slik står setninga der i sin kontekst: "*Og det raser i de unges bitre hjerter: Våk og lær, / at du klart og nært og koldt igjennem drømmens gylne skjær/ ser veien til et land, hvor Nr. 13 ikke er*". No er det heller ikkje her rettferdig overfor forfattaren av Margit-artikkelen å henge seg opp i ei slik formulering, og putte på ho meir enn det som står. Og denne artikkelen hører slett ikkje til dei verste frå denne tida når det gjeld å ta for gitt at folk som opplevde dei därlege sosiale forholda, også må ha hatt sine 'interesser' og 'drømmar' knytta til bestemte samfunnsforandringar.

Til forfattarens forteneste er det her også verdt å merke seg at dette er noe han i Margit-artikkelen heller bidrog til å nyansere, nettopp ved å peike på at arbeidsfolk ikkje nødvendigvis gjekk *politiske* vegar for å få det betre, men like gjerne brukte *flytting* som strategi. At interessene til arbeidsfolket i 'Nr. 13' likevel (egentleg?) var forbundne med meir grunnleggande samfunnsforandringar, som kravde politisk handling, skin igjennom også ein annan stad i teksten. Der handlar det om at svært få av beburane i 'Nr. 13' var politisk aktive. Så heiter det: "*Trangboddhet, fattigdom og tungt arbeide skapte dårlige vilkår for det*". Dette blir ståande nærmast som forklaring, som grunn til at arbeidsfolk

ikkje var så politisk aktive - underforstått: som dei elles truleg ville ha vore (om dei ikkje hadde vore hindra av sosiale forhold).

Her er det ikkje meinings å påstå noe som helst om at det er usannsynleg at arbeidsfolk ønska forandringar, men å vise at i den måten forfattaren her skriv om det på, framstår dette meir som eit 'mål' som *forteljinga* bidreg til å gjere naturleg, enn som ein påstand grunngitt i kjelder frå dei menneska det handlar om, eller i tolkingar av noe dei har ytra eller gjort. Påstanden om 'drøm' framstår her som *logisk* slutta frå skildringa av dei sosiale forholda: så därlege som forholda var, må folk nesten ha drømt om eit anna samfunn. Slik blir dei sosiale forholda også *gitt* meinings som element i *sosialhistorikaren* si framstegsforteljing – meir eller mindre mellom linjene. Ikkje slik å forstå at dette er noe ein i dag er betre i stand til å unngå, eller at ein nødvendigvis bør gjere det, men fleire debattar i seinare år har bidrige til å skjerpe krava til å reflektere over *at* ein gjer det og *korleis* ein gjer det, og over *kva slags stor forteljing* ein da hentar meiningsinnhaldet frå.

Rotta i søppeldunken og marsvinet heime

To aspekt er her vorte framheva særskilt ved dei utfordringane nyare kulturhistorie har ført med seg: Det handlar om å legge meir vekt på aktive tolkingar av dei uttrykksmåtane ein finn i historisk materiale, enten det er tal eller tale. Og det handlar om å legge meir vekt på å reflektere over korleis meinings og betydningane også blir skapte i den måten historiske forteljingar blir laga på. I begge tilfelle kan det hørast ut som ei utvikling som har ført historieskrivinga inn i risikabelt og vanskeleg farvatn. Og ein del ser det som skremmande. Samtidig kan ein også sjå det som bidrag til meir realistiske haldningane overfor kor vanskeleg både kjeldekritikk og historieskriving verkeleg er. Mellom anna har dette gjort det vanskelegare utan vidare å hevde at ein ved å skildre det eit historisk materiale viser, også kan sjå dei forholda det handlar om, 'gjennom fortidsmenneska sine øye'.

Dette er problemstillingar som har ridd historikarar sidan lenge før Ranke reid dei. Og ein treng ikkje vere profesjonell historikar for å vere berørt av dei. På messa 'Barndom i Noreg' i 1991 viste Norsk Folkemuseum ein stand der ei søppelbøtte av eldre modell var utstyrt med ei rotte, av kunstig materiale. Det var eit forsøk på å vise ei side ved barn sine oppvekstvilkår før i tida. Men resultatet var at rotta vekte beundring blant dei mange små som besøkte museet, som assosierde rotta med marsvinet heime, og såleis innlemma ho i noe dei kjente frå sitt eige liv. Når vi har å gjere med noe frå fortida, eller frå ei anna framand verd, vil vi alltid for å forstå det, først prøve å innordne det i begrep og

forteljingar vi kjenner og finn mening i frå før. Slik har det også vore når historikarar har utforska arbeidsfolk før i tida, og innlemma det kjeldene har vist om livet deira, i vår tids begrep for 'arbeid' og 'arbeidarklasse', og sett det saman til forteljingar der innhaldet er prega av våre eigne førestillingar om 'modernisering', og om 'framsteg' og 'drøm' om anna samfunn.

Men kva anna kan vi gjere? Her bør ein tenke over kor fåfengt det ofte kan vere å tru at ein kan få ungane på museet til å gjenoppleve rotta i søppeldunken på den måten ho vart opplevd på før, i den fortidskonteksten det handlar om å vise fram. For assosiasjonen til marsvinet, det kjente, vil aldri heilt la seg viske bort frå tolkinga. Ein alternativ måte å gjere det på, kunne ha vore å bruke narrative og litterære effektar systematisk for å *forstyrre* notidstolkinga, og til å manipulere fram refleksjonar over kor *annleis* og *framandt* det vi umiddelbart *trur vi kjenner att*, kan vere, når ein ser meir på det.

Sidan vi her har hatt å gjere med ein artikkkel som henta tema frå ein arbeidardiktar, kunne ein kanskje føreslå å lære noe av forteljemåten til ein annan arbeidardiktar frå same tida. Berthold Brecht brukte i sine drama noe han kalla *Verfremdungseffekten*, eller illusjonsbrotet. Det handla om først å trekke tilskodarane inn i sine illusjonar, for så å rive dei ut av dei ved å plutselig snu på det som til da var presentert som nært og kjent, og godteke som naturleg, og på den måten få folk til å stille nye spørsmål. Ein slik forteljestrategi vil ikkje gi innleving i betydninga *gjenoppleving* av korleis det var, men dess meir i form av aktiv refleksjon over kor historisk foranderlege, fleirtydige og framande betydningane ved det som hører til i ei anna tid, ofte er.

Og overfor dei fortidsmenneska det handlar om, som vi som historikarar som oftast i ein eller annan forstand vil prøve å komme inn på livet, ville dette også kunne vere meir prega av respekt – enn å gje seg ut for å kunne gjenskape det slik dei har følt og opplevd det. Dette inneber ikkje, som noen kanskje trur, å dreie fokus bort frå korleis fortidsmenneska tenkte. Tvert imot stiller det store krav til både å presentere, diskutere og tolke tenkemåtar, begrep og logikkar, som rådde i den verda dei levde i.

Berre for å ha sagt det: 'marsvinet heime' er ikkje nødvendigvis mindre til stades i tekstar som blir produserte innan nyare kulturhistorie enn det har vore i sosialhistoria. Alle historikarar har sine marsvin på skogen (om ikkje 'heime'). Men med dei diskusjonane som har følgd med nyare kulturhistorie, har fleire av kosedyra i historikarane sine tekstar fått det mindre fredeleg enn dei kanskje noen gong har hatt det.

Noter

1. Ingar Kaldal, *Frå sosialhistorie til nyare kulturhistorie*. Det Norske Samlaget, Oslo 2002 (under trykking).
2. Tore Pryser, Margit fra 'Nr. 13' – Sosialhistorie fra en arbeiderbygård, i Per Fuglum og Jarle Simensen (red.). *Historie nedenfra. Festschrift til Edvard Bull på 70-årsdagen*. Universitetsforlaget, Oslo 1984, s. 150-166.
3. Tore Pryser, *Norsk sosialhistorie 1800-1870*. Det Norske Samlaget, Oslo 1985. Revidert utgåve: *Norsk historie 1814-1860*. Det Norske Samlaget, Oslo 1999.
4. Grundige presentasjonar av kva desse 'tendensane' handla om, finst m.a. i Jan Eivind Myhre, Social history, i W. Hubbard, J. E. Myhre, T. Nordby, S. Sogner (red.), *Making of a Historical Culture. Historiography in Norway*, Oslo 1995, s. 226ff og Dagfinn Slettan, Sosialhistorie etter 1970: 'Fra sosialhistorie til kulturhistorie?', i *Historisk Tidsskrift* 1-2/1996, s. 83ff.
5. E. P. Thompson, *The Making of the English Working Class*, Penguin Books. Middlesex 1979 (første utg. 1963).
6. Hans Medick, Entlegene Geschichte? Sozialgeschichte und Mikro-Historie im Blickfeld der Kulturanthropologie, i *Soziale Welt. Sonderband 8*, Göttingen 1992.
7. Meir om det i Dagfinn Slettan, *Minner og kulturhistorie. Teoretiske perspektiver*. Nr. 4 Skriftserie fra Historisk institutt, Trondheim 1994.
8. Edvard Bull, En vandrerkultur, i Edvard Bull, *Retten til en fortid. Sosialhistoriske artikler*, Universitetsforlaget, Oslo 1981, s. 207.
9. Det er denne problematikken Narve Fulsås har reist når han viser korleis det avisene skrev om drukningsulykker på havet på slutten av 1800-talet, var med på å skape drukningane som nasjonale hendingar. Narve Fulsås, Kva er gale med det historiske kjeldeomgrep? Ein kritikk av kjeldekritikken, i *Historisk Tidsskrift* 2/2001, s. 240ff.
10. Referert etter Alf Lüdtke (red.), *Alltagsgeschichte. Zur Rekonstruktion historischer Erfahrungen und Lebensweisen*, Campus Verlag, Frankfurt 1989, s. 39.
11. Inga Floto, *Historie. En videnskabshistorisk undesøgelse*, Museum Tusculanums Forlag, København 1996, s. 262.
12. Ingar Kaldal, Frå 'folkekultur' til 'arbeidarkultur'? i *Historisk Tidsskrift* 1/1995.

HISTORIE, KRITIKK OG POLITIKK

Festskrift til Per Maurseth
på 70-årsdagen 7. juni 2002

*Redigert av Håkon With Andersen, Anne Kristine Børresen,
Ida Bull, Ingar Kaldal og Ola Svein Stugu*

Nr. 37 i Skriftserie fra Historisk institutt

Historisk institutt
Norges teknisk – naturvitenskapelig universitet
Trondheim 2002